

Til

Renevo

Eldøyane 177

N-5411 STORD

Att.: Ingvild Losnegard Koløen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

tirsdag 30. januar 2024

Dyretal og areal på gardsbruk med avtale med Renevo

I samband med søknad om utsleppsløyve er det gjort ein vurdering av 34 gardsbruk som har avtale eller intensjonsavtale med Renevo. Det er henta informasjon frå Produksjonssøknader (PT).

Areal som direkte vert berekna inn i spreieareal er fulldyrka og overflatedyrka areal. Innmarksbeite kan reknast inn i spreieareal, men ein må søkje kommunen om løyve. Beite vert maksimalt vekta med 0,6, dvs maksimalt 60% av arealet til innmarksbeite kan telje som spreieareal (ein bør sjeldan nytte like store mengder husdyrgjødsel på beite som på eng som vert hausta). Av dei 34 einingane søker dei fleste både på areal og dyr.

Areal

Til saman søker einingane på 5654 daa fulldyrka jord og 1013 daa overflatedyrka areal. Dette betyr at det er 6667 daa med spreieareal på desse føretaka.

Einingane disponerer 5166 daa med innmarksbeite. Dette er teoretisk 3100 daa spreieareal. Dersom ein ser for seg at halvparten av dette er realistisk å kunne bruke som spreieareal gir det eit ekstra spreieareal på 1550 daa.

Spreieareal på fulldyrka og overflatedyrka areal hjå 34 einingar: 5654 dekar

Spreieareal på fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite (beite*0,3): 8217

Gjødseldyreiningar

Gjødseldyreiningar er rekna ut i frå dyretalet i produksjonssøknadene. Det er henta opplysningar om dyretal for

- øvrig storfe (p119) – ca 1150 storfe
- mjølkekyr (p120) – i underkant av 500 mjølkekyr
- ammekyr (p121) - i underkant av 200 ammekyr
- vinterfôra sau (p145) – ca 1200 sau
- Purker (p155) – ca 35 purker
- Ungpurker (p158) – ca 5
- Høns (p161) – ca 1350 høns
- Slaktegris (p184) – ca 1350 slaktegris
- Slaktekylling - ingen

På desse gardane er det nokre få hestar, nokre få ammegeit etc som ikkje er teke med i utrekninga. Dette ville gitt veldig små utslag.

Spreieareal

Gjødsla frå desse dyra skal fordelast på tilgjengeleg spreieareal, og det er gjort ei utrekning på kva som trengs av areal jf. ulike grenser for fosfor.

Totalt gir desse dyra 1271 GDE og treng per i dag minimum eit areal på 5084 dekar.

I *Forskrift om husdyrgjødsel* står det i § 5 at ei gjødseldyreining er om lag 14 kg fosfor
<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2002-02-11-337>

Det er vidare sett på kva som krevst av spreieareal for dei nemnde føretaka ved dagens regelverk, samt innstramming på fosfor per dekar.

Dersom det i ny gjødselvereforskrift vert stramma inn til 2,5 kg fosfor per dekar så er det mangel på areal totalt sett hjå dei 34 foretaka. Dersom ein tek med innmarksbeite (og vektar med 0,3 - ref. tidlegare forklart) så er det 1100 dekar som framleis er «tilgjengeleg» som spreieareal.

GDE 34 bruk	Maksimalt P per daa	Daa per GDE	Arealkrav	Fulldyrka + Overflatedyrka	Fulldyrka + Overflatedyrka + Innmarksbeite (*0,3)
1271	3,5	4,0	5084	1583	3132
1271	3,0	4,67	5932	735	2285
1271	2,5	5,6	7118	-451	1099
1271	2,4	5,8	7372	-705	845
1271	2,1	6,67	8478	-1811	-261

Vurderinga av desse gardsbruka er at det per no er spreieareal ledig, men med innstramming kan det bli trong for tilpassingar – i verste fall nedskalering av drift. Dette er ikkje ynskjeleg då vi ynskjer å oppretthalde matproduksjonen og sysselsettinga knytta til denne.

Eit biogassanlegg kan gje positive gevinstar i forhold til fordeling og mengde fosfor:

- Separering fører til at gjødsla som blir levert ut att til bøndene inneheld mindre fosfor – dersom den totale mengda fosfor som blir levert ut att er mindre den som blir levert inn
- Økonomisk kompensasjon til bonde for lagring av biorest fører til auka bygging av gjødsellager – som igjen fører til mindre spreieing av gjødsel utanfor vekstsesonen
- Transport av gjødsel/biogjødsel blir utført av biogassanlegget og fører til ein betre fordeling av møka innanfor driftseininga.

Med venleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving SA

Mari Aker

Rådgjevar jordbruk

Kompetanse for framtida!

Avsendar adresse: , SANDANE, mobil: +47 98245840, e-post: mari.aker@nlr.no